

Ventar på teknisk anlegg for Ospelunden

12.09.2012

**Førebuingane av det største bustadfeltet i Uskedalen
- Ospelunden - går sin gang og no har Kjell Yri fått eit midlertidig svar
frå kommunen om deling. Saksbehandlar Anne Lise Olsen
skriv at søknaden om teknisk anlegg ikkje er komen inn
men at mykje av plangrunnlaget er lagt fram for kommunen**

Før det kan fradelast tomter må teknisk anlegg i utgangspunktet vere omsøkt og godkjent og det kan ikkje gjevast byggjeløyve før godkjenninga er gjeve. Saksbehandlaren ynskjer å ha eit møte for å drøfta delingssakene.

Grunneigar Terje Myklebust har også skreve til kommunen med spørsmål om det skal kanalisert meir vatn til bekken som renn til sjøen. Den er ført under fylkesvegen og kapasiteten er til tider meir enn fullt utnytta. Han ber derfor om at kapasiteten på bekken vert vurdert av kompetente personar og at dei berørte partane får høve til å uttala seg.